

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FE - 231, FA - G20	14/4175

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
89/2014	Formannskapet	PS	26.11.2014
80/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Eigenbetaling for tenesteyting og varer innan helse- og sosialetenester - nye satsar frå januar 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til kommunestyret sak 005/10 samt sak 101/10, der ein vedtok prinsipp for fastsetting av eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosiale tenester. Her vart det mellom anna fatta vedtak om at Meland kommune årleg skal justera satsar og utgiftstak jamfør auke i Grunnbeløp (G), samt at ein i hovudsak skal nytte sjølvkostprinsipp for fastsetting av prisnivå.

Sjølvkost tyder at kommunalt prisnivå på eigenbetaling ikkje er høgare enn kommunen sine egne samla utgifter til tenesteytinga. Sjølvkost vert rekna til ein gjennomsnittleg timelønn inklusiv sosiale utgifter for den tenesteyting som vert utført pluss administrasjonsutgifter. Administrasjonsutgifter kan her utgjere inntil 10% av nemnde kostnadsnivå.

Lovgrunnlag er Lov om helse- og omsorgstenester kap. 11, samt Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester kap 1 og 2.

Per 01.05.14 auka grunnbeløp frå kr. 85 245,- til kr. 88 370,-. Dette er ein auke med 3,67 %.

Sist prisendring vart godkjent i Kommunestyret sak 079/13, og tabell under syner framlegg til prisendring frå 2014 til 2015.

Tabell nr. 1

Nr.	Teneste med krav til brukarbetaling	Pris 2014	Pris 2015
1.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt inntil 2 G - vert årleg justert via forskrift)	Per time kr. 180,- <u>Maks per mnd.:</u> kr. 180,-	Per time kr. 180,- <u>Maks per mnd.:</u> kr. 180,-
2.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt over 2 G), samt: Ledsagerteneste Bistand v/handling BPA v/handling Vaktmesterteneste	2-3 G kr. 297,- 3-4 G kr. 345,- 4-.. G kr. 448,- <u>Maks per mnd.:</u> 2-3 G kr. 867,- 3-4 G kr. 1300,-	2-3 G kr. 308,- 3-4 G kr. 358,- 4- ..G kr. 464,- <u>Maks per mnd.:</u> 2-3 G kr. 899,- 3-4 G kr. 1348,-

		4-5 G kr. 1819,- 5-...G kr. 2338,-	4-5 G kr. 1887,- 5-..G kr. 2425,-
3.	Kommunal kjøring ved private gjeremål tenestemottakar (vert nytta minimalt og er ikkje eit generelt tilbod)	Statleg sats	Statleg sats
4.	Tryggleiksalarm (I-6/2006)	Pr. mnd. kr. 414,-	Pr mnd. kr. 429,-
5.	Korttidsopphald Meland sjukeheim (sum styrt av forskrift)	Pr. døgn kr. 142,- (forskrift)	Pr. døgn kr. 142,- (forskrift)
6.	Dag- og nattopphald Meland sjukeheim (sum styrt av forskrift)	Pr. dg/n kr. 74,- (forskrift)	Pr. dg/n kr. 74,- (forskrift)
7.	Maksimalsats for langtidsopphald Meland sjukeheim (per mnd)	Ingen maksimalsats	Ingen maksimalsats
8.	Langtidsopphald Meland sjukeheim	Jfr lov og forskrift	Jfr lov og forskrift
9.	Kost v/avlastning	Vert ikkje prisa	Vert ikkje prisa
10.	Opphald v/dagsenter - pris per dag	30,-	32,-
11.	Transport hente/bringe – fast pris tur/retur	30,-	32,-
12.	Transport matlevering (I-6/2006) – pris per dag per levering	20,-	22,-
13.	Tekniske hjelpemiddel – korttid (2 år) Gebyr per oppdrag (h/b lokalt lager)	120,-	125,-

Tabell nr. 2

Nr.	Mat produkt	Pris 2014	Pris 2015
14.	Frukost	33,-	35,-
15.	Middag m/dessert	73,-	75,-
16.	Graut	38,-	39,-
17.	Kvelds	33,-	35,-

Vurdering

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg å justere samla prisauke gjeldande 2015 for både lovpålagte tenester og tenester som ikkje er lovpålagt. Syner her til tabell 1 og 2 over. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.

Rådmann vidarefører prinsipp for fastsetting av eigenbetaling jamfør kommunestyret sak 005/10. Det er naudsynt å understreka at Meland kommune vil halde fram med å sikre lovkrav med omsyn til brukargrupper med lågt inntektsgrunnlag (inntil 2 G). Vidare vil ein sikre brukargrupper med omfattande trong for tenesteyting ved å nytte fastsett utgiftstak per månad. Med andre ord vil tenestemottakarar med omfattande trong for koordinert tenestetilbod få eit prisvern jamfør utgiftstak.

Rådmann har og fullmakt til å vurdere reduksjon/fritak for eigenbetaling i individuelle saker, for å sikre at tenestemottakar har tilstrekkeleg midlar til å dekke sine personlege behov og eventuelt bere sitt ansvar som forsørgjar

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Rådmann rår til at kommunestyret godkjenner nye betalingssettar for 2015 slik dei ligg føre i saksutgreiinga.

Framlegg til vedtak:

”Kommunestyret godkjenner nye settar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matprodukt innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01 2015 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.»

Formannskapet - 89/2014

FS - behandling:

FS - vedtak:

”Kommunestyret godkjenner nye settar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matprodukt innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01 2015 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.»

Kommunestyret - 80/2014

KS - behandling:

KS - vedtak:

”Kommunestyret godkjenner nye settar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matprodukt innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01 2015 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.»